



VESTNES KOMMUNE TEKNISKE TENESTER
ADMINISTRASJON
Rådhuset
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Trekking av motsegn - Reguleringsplan - Vestnes - detaljregulering for næringsområde BN10 på Sessneset

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til brev av 23.06.2023 og oversending av revidert planforslag for detaljregulering for BN10 Sessneset. I brev av 12.04.2023 fremma vi motsegn til reguleringsplanen, som de no ber oss trekke.

Vi hadde følgande motsegn til planforslaget:

- ROS analysen er mangelfull. Lokale vind- og bølgeførhold må inkludrast i vurderinga av stormflodfaren. Det er mangelfull oppfølging av avdekka flaum- og stormflodfare, og det må knytast naudsynt planføresegn til avdekka faresone for flaum/stormflod.
- Planforslaget oppfyller ikkje utgreiingskravet i plan og bygningslova § 4-2 når det gjeld mogleg påverknad på Sesselva og fjorden som resipient.

Vi er nøgd med at endringar i plana er tydeleg markert slik at det er lett å sette seg i dei nye saksdokumenta.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Ved 1.gongs høyring vurderte vi at planomtalen var mangelfull i høve skildring av planlagt tiltak og verknader. Planomtalen var særleg mangelfull når det gjeld vurdering av resipient og moglege verknader på miljømål i fjorden og vassdrag.

Planomtalen er no supplert med planlagt produksjonsvolum og mogleg påverknad på omgjevnadene, også i sjø. Sjå merknader under. Endringane er tilstrekkelege til at vi kan **trekke motsegna** vi fremma jf. plan og bygningslova § 4-2 og rundskriv T-2/16 punkt 3.6.

Areal avsett til næring over Sesselva nedstraums eksisterande fylkesveg er tatt ut.

Natur og miljøvern

I kapittel 4 under avsnitt om vurdering av naturmangfaldlova er opplysningar knytt til naturverdiar i sjø lista opp. Ein kunne med fordel ha vist utstrekninga av gytefelta i eit kart, då skildringa «*eit noko meir avgrensa del*» ikkje i særleg grad skildrar verken lokalisering eller storleik. Det står heller ikkje noko om kor nært anlegget naturverdiane i sjø er lokalisert. Det er derimot oppgitt at det ikkje er forventa at anlegget i drift vil ha konsekvensar for gyteområda. Det er positivt at det er sett avgrensing i tid på året når ein kan gjennomføre arbeid med fylling/peling med omsyn til fisk i fjorden.

Det er også vurdert at funn av artar i influensområde ikkje vil bli særleg påverka av utsleppa frå anlegget.

Vassdrag

Det er gjort ei vurdering om det planlagde anlegget vil påverke miljømåla for Sesselva og Tresfjorden.

Under overskrifta Verknad på vassførekomstane i området er det vist til miljømåla i vassforskrifta samt regional plan for vassforvaltning i vassregion Møre og Romsdal 2016-2021. I 2022 vart det vedtatt ny Regional vassforvaltningsplan (2022-2027) for Møre og Romsdal vassregion. Denne finn de på fylkeskommunen sine heimesider. Planomtalen må oppdaterast slik at ny vassforvaltningsplan ligg til grunn. Vi minner også om at ein finn detaljert informasjon om den enkelte vassførekomst på vann-nett.no.

Det går fram av planomtalen at planforslaget ikkje vil gje endra situasjon for Sesselva. Det er ikkje planlagt uttak av vatn frå elva. Det er ikkje fare for utslepp til elva. Det er også vist til at det ikkje er forventa påverknad på miljømålet om god tilstand for vassdraget.

Det er også gjort ei vurdering av om planforslaget vil kunne påverke miljømålet for Tresfjorden. Det er vurdert at med avbøtande tiltak som avklarast i utsleppsløyve vil ein ikkje risikere at ein ikkje når miljømåla knytt til fjorden.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Flaumfarevurderinga er oppdatert, og vurderinga av stormflodfaren i planområdet inkluderer lokale vind- og bølgeforhold. Avdekka risiko og sårbarheit er tilfredsstillande følgt opp gjennom plankart og planføresegner. Statsforvaltaren **trekker motsegna**, jf. plan- og bygningslova § 4-3 og byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2.

Forureining

Vi har i tidlegare fråsegn påpeika at vi er uroa for at usleppet vil gje negative verknader for økosystemet i fjorden. Det er i følge reguleringsplanen sikra nok areal til reinseanlegg. Vi vil følge opp dette vidare i behandling av utsleppsløyva.

Støy

Det er ikkje lagt inn føresegn om at det ikkje skal etablerast næringsaktivitet som gir støynivå over 55dB ved fasade for støyfølsame bygningar i influensområde. Vi ber kommunen sikre bustader i nærområdet gode støytilhøve i framtida og supplere føresegnene med dette.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering **trekker vi motsegna** vi fremma til planforslaget i brev datert 12.04.2023.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
FISKERIDIREKTORATET

KYSTVERKET

Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE

Postboks 2500 6404 MOLDE
Postboks 185 5804 BERGEN
Sentrum
Postboks 1502 6025 ÅLESUND